

Her beitar kyr

I minst tre månadar om sommaren går dyra ute og et i hovudsak friskt gras. Dei fleste mjølkekyr i Noreg er av ein eigen norsk ku-rase, Norsk Rødt Fe, som eigner seg til både mjølk og kjøttproduksjon.

Frå ei ku får ein i snitt 25 liter mjølk per dag. Dei fleste kyr får ein kalv i året. Ein jentekalv blir kalla kvige, medan gutekalven blir kalla oksekalv. Kviga blir para når ho er eit år gamal og går drektig i ni månadar. Når kalven har vokse seg stor blir den slakta. Frå ein får ei kvige, parer den, får ein kalv og fram til kalven er stor nok til å bli slakta og ein kan ete kjøtet, går det tre år.




Ei ku som mjølkar et om lag 50 kilo fôr og drikk 50-60 liter vatn kvar dag. Kua fordøyer maten gjennom fire magar. Magane blir kalla vomma, nettmage, bladmage og løpen. Det er løpen som er hovudmagen, og er det ein mage som ein kan samanlikne med vår, så er det denne. Dei tre andre magane, eller formagane, er ei tilpassing til gras, slik at kua kan utnytte dette.

Verdt å vite

- I Noreg er berre tre prosent av landet jordbruksareal. Eng og beite utgjer 2/3 av jordbruksarealet i Norge.
- Norsk husdyrhelse er i verdstoppen. Vårt landbruk bruker mindre antibiotika enn landbruket i dei aller fleste andre vestlege land.
- For å nyttiggjere oss graset må det gjennom ein dyremage. Graset er grunnlaget i norsk produksjon av kjøtt og mjølk frå storfe, geit og sau.
- Klimaet i Noreg gir smakfulle produkt, som søte jordbær, god plantehelse og mindre behov for plantevernmidlar.

Foto: Visual dys

NORGES BONDELAG



God tur!

Helsing Norges Bondelag
- Vi lager maten din!